



ÅRSMØTE 2017

Tid: 7. februar 2017 kl. 18

Stad: Kantina i Røde Kors-bygget, Førde

Sakliste

01/17: Godkjenning av innkalling

02/17: Godkjenning av sakliste

03/17: Konstituering av møte

- a. Val av møteleiar – Framlegg frå styret: Harald Bjarte Reite
- b. Val av referent(ar) – Framlegg frå styret: Sindre Hornnes og Johan Kåre Kjerstad
- c. Val av to til å signere protokoll
- d. Val av to til tellekorps

04/17: Årsmelding frå bystyregruppa

05/17: Årsmelding for Førde Arbeidarparti

06/17: Rekneskap og revisjon 2016

07/17: 100-års jubileum

Førde Arbeidarparti vert 100 år i 2017, dette må markerast. Det er oppretta eit historieutval som jobbar med å lage eit skriv, eventuelt ei bok om det lar seg gjere.

I tillegg må vi arrangere ei feiring i løpet av hausten. Korleis skal vi gjere dette?

08/17: Budsjett 2017

09/17: Samanslåing av Naustdal, Gaular Jølster og Førde Arbeidarparti – vegen vidare

Framlegg:

I samband med kommunesamanslåing mellom Jølster, Førde, Gaular og Naustdal 1. januar 2020 vert det halde felles kommuneval i september 2019. Dette betyr at Arbeidarpartiet må opprette eit nytt lag som skal representere partiet i den nye kommunen. Vedtektene seier at dette må gjennomførast frå eitt samla kommuneparti. Dette betyr at kommunepartia i noverande kommunar vert lagt ned og nytt kommuneparti vert etablert.

I samband med dette har Ap-laga i dei respektive kommunane oppretta eit fellesutval, som har som mandat å sjå på struktur, økonomi og prosessen vidare. Fellesutvalet har i sine drøftingar konkludert med at det mest føremålstenlege vil vere ein flat partistruktur. Meininga er at medlemmane skal få orientering etter kvart som prosessen går framover om avvikling av noverande Førde Arbeidarparti og etablering av nytt felles kommuneparti i den framtidige nye kommunen. Avvikling vil skje i januar/februar 2018.

10/17: Resolusjonar og innkomne saker

11/17: Val